

Nr. 4-2015, årgang 50.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Side 3: Les jolehelsinga frå biskopen.
Side 5: Misjonærbrev frå Nepal.

Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid

Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28

Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid



Olav Nordskog

Kyrkjeverje

Kontor tlf. 35 06 81 31

kyrkjeverge.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Torstein Eidem Nordal

Sokneprest i Kviteseid og
Brunkeberg

Kontor tlf. 35 06 81 32

sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Hallvard Nordbø Jørgensen

Sokneprest i Vrådal, Fjågesund
og Kilen

Kontor tlf. 35 06 81 29

Mobil tlf. 95 92 29 84

sokneprest.vradal@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn

Organist

Kontor tlf. 35 06 81 48

kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Håkon Heggtveit

Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar

Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen

Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar

Mobil tlf. 91 12 02 48

kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland

Kyrkjelydssekretær

Mobil tlf. 40 90 02 89

post@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein

Prostidiakon, 3880 Dalen

Mobil tlf. 91 11 35 80

eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør:

Hallvard N. Jørgensen

Frist for å levere innhald til neste nummer
av kyrkjebladet er 15. februar 2016.

Framsidedfoto: Aleksander Nevski, The
Birth of Christ

Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen

Passfoto: Kurt Nødland

Utforming: Niklas Karlsen

Trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Bankgiro:

Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid

Kontonr. 2660 10 30615



post@kyrkjetrappa.no



@kyrkjelyd



#kyrkjeliv



/kyrkjetrappa



Gjenklang i hjarta

Filosofen Friedrich Nietzsche var kjent for talane sine. Det vert fortalt at då han ein gong talte til ei stor folkemengd, fekk han mykje god respons frå publikum og av arrangørane. Men Nietzsche sjølv såg likevel misnøgd ut. Difor spurte dei han: «Kvifor er du så misnøgd? Høyrer du ikkje korleis dei klappar for deg? Då svarte han: «Eg lytta etter gjenklangen i hjarta, men eg høyrer berre applaus.»

Gjenklangen i hjarta, det er det Jesus også er ute etter. Det er noko heilt anna enn applaus. Gud har aldri vore ute etter applaus, godkjennande nikk eller lovord. Då hadde ikkje juleevangeliet sett slik ut. Då hadde Jesus valt ein annan måte å kome til jorda på. For kva er verdt å applaudere i juleevangeliet? Eit lite barn født i ein stall? Ingen livvaktar, ingen diamantar. Det var riktig nok eit fantastisk englekor som song, men det var det berre nokre gjetarar som fekk oppleve.

Når Jesus vert født, er dei aller fleste opptekne med andre ting. Det var ikkje plass til Josef og Maria nokon

stad. Det var viktigare og meir spennande ting å gjere den natta. Dei møtte stengte dører. Gud har aldri vore ute etter applaus. Gud er ute etter noko mykje viktigare. Han er ute etter gjenklangen i hjarta.

Kva er skilnaden på applaus og gjenklang i hjarta? Når vi gjev applaus, står vi på utsida og vurderer. Var dette bra eller ikkje bra? Vi er tilskodarar. Men det vesle barnet i krubba var ikkje ute etter tilskodarar.
(...)

Brorson er ein av våre aller største diktarar av julesalmar. I salmen «Mitt hjerte alltid vanker» sett han ord på kva gjenklangen i hjarta er: Akk, kom, jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn! Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt, så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.

Med ønske om ei velsigna julehøgtid.
Stein Reinertsen, biskop i Agder og Telemark



Gullkonfirmantfest

Sundag 25. oktober vart det arrangert gullkonfirmantfest på Vrådal Bedehus. Gullkonfirmantfesten er for dei som vart konfirmerte i Kviteseid kommune for 50 år sidan. På programmet stod fyrst gudsteneste i Vrådal kyrkje. Så reiste konfirmantane til bedehuset. Her var det presentasjonsrunde, der kvar skulle fortelje kvar ein var i livet. Så vart det servert god middag. Sokneprest Hallvard Jørgensen spela nokre songar av Neil Young og U2, før det vart servert kaffi og kake. Praten gjekk livleg, og stemninga

var god. Tusen takk til sokneråda i kommunen som stilte opp og stelte til slik at det vart ei fin samling. På biletet, frå venstre til høgre:
Sigrunn Ruud Bozkurt
Johannes Skarprud
Aslaug Straumsnes Merde
Randi Nordskog
Brita Sandland
Sigrid Stråndi Slette-meås
Gjertrud Berge
Bjørn Flatland
Aslaug Midtgaard
Inger Vigdis Haugen
Kirsti Skjæveland



Kurs for medlemmer av en ungdoms-gruppe om 'gender issues and child rights'. Her er vi i gang med en deuda, en tradisjonell sang spesiell for dette området. Synger om at jenter og gutter må jobbe sammen for å endre ting til det bedre - som to hjul på samme vogn.

Reisebrev frå Nepal

Bajhang er i utkanten av alt og er ikke mye påvirket av det som skjer andre steder. (...)

Men det skal være visst at det er et herrevælde og ikke mange damer med stemmer som høres der beslutninger tas. (...)

Noe mange snakket om er migrasjon til India for arbeid. Noen i hver tredje familie reiser, som regel mannen. Så tar kona seg av det hele

hjemme mens han er av sted. Det er en stor stressfaktor for mange familier, ikke minst når han kommer tilbake etter et halvt år eller flere år, og man skal finne ut av familielivet igjen. Ofte blir det beskyldninger om utroskap fra begge sider, og ofte også vold. (...)
Takk for dere som ber for Bajhang!
Mange varme hilsener fra Liv
Wendel

Ljosmesse i Kviteseid gamle kyrkje

Fredagen før helgemessa, 30. oktober, var det igjen tid for den årlege ljosmessa i Kviteseid gamle kyrkje. Dette vart ei vakker og stemningsfull messe med særskilt deltaking frå elevar og personale ved Kvitsund gymnas. Bodskapen på messa var å minnast med takksemnd og håp dei som har gått føre oss, til Gud. Det syngast særskilte liturgiske salmar, med vekselsong og korsong. Andre særmerke ved denne messa er bruken av mange tente ljøs, og av liturgisk røykjelse, som symbol på Guds godleik og nærvere.



Bege foto: Kurt Nødland.

Elevar frå Kvitsund Gymnas gjekk i fakkeltog til ljosmessa i gamlekyrkja.



Hjulkorset frå Omtveit

Toralf Omtveit har eit gamalt stabbur på garden sin, Nordigard Omtveit. Då han nyleg rydda her, kom han over ein liten skatt. Gøymd bak trappa låg eit gravminne, eit hjulkors, av kleberstein. Sjølve hjulkors-symbolet har gamle røter, og kan finnast både i kyrkjer, som Uvdal og Ibestad, og som gravminne, attende til middelalderen. I tidlegare tider var det dei færraste som kunne koste på seg ein gravstein, men utover på 1700-talet vart det meir vanleg at kyrkjegardane igjen vart utsmykka med gravminner. Gravminne av kleberstein har særleg vore utbreidd på Vestlandet og i Gudbrandsdalen.

Me veit ikkje eksakt kvar hjulkorset frå Omtveit stammar frå, kven som eigde det sist, eller kven som plasserte steinen på Omtveit. Men det er mange inskripsjonar av initialar og årstal på steinen. Fleire av årstala er frå rundt midten av 1700-talet, og ein del frå 1800-talet. Kanskje har gravminnet vorte bruka fleire gonger i same familie; mange av initialane ender med "S".

Toralf Omtveit bestemte seg for å gje steinen som gåve til Brunkeberg kyrkje, og det var soknerådet i Brunkeberg takknemlege for. Det er gjort vedtak om at steinen skal få plass i kyrkja, sannsynleg i våpen-



Kjetil Torsdalen og Toralf Omtveit i Brunkeberg kyrkje. Steinen er ei gåve frå Toralf. Kjetil har teke vare på steinen etter at den vart funnen.

huset, der det allereie er plassert fleire gamle gjenstandar. Det vil også bli ei markering av gåva i ei gudsteneste ved eit seinare høve.

HNJ

Ny kyrkjeverje

Kviteseid kyrkjelege fellesråd har tilsett Kristen Salmelid, 51 år, som ny kyrkjeverje. Han vil byrje i stillinga den 1. februar 2016.

Salmelid kjem frå stillinga som administrasjonsleiar på Kvitsund Gymnas, ei stilling han har hatt i 8 år. Familien flytta til Kviteseid i 2006. Han har òg bakgrunn som misjonær i Etiopia i 8 år.



1 Stille – stille.
Det syng i natt:
Tonar milde om lova skatt.
Sus i lufta av venger små.
Englar kjem ifrå himmel blå.

2 Stille – stille.
Dei syng sin song:
Fred på jorda enno ein gong.
Himlen lyser i vester klår.
Stjerna blinkar på ferda vår.

3 Stille – stille.
Det syng eit kor.
Ljodar vidt over heile jord:
Barnet sveipt i ei krubbe er.
Gud er komen oss alle nær.

4 Stille – Stille.
Dei gleda gav.
Songen stig over land og hav:
Himmelsonen i verda går.
Jesus Kristus er veggen vår.

Olav Mosdøl

Jolekveld

t.: Olav Mosdøl

m.: Gunstein Draugedalen



1. Stil - le, stil - le. Det syng i natt:
 2. Stil - le, stil - le. Dei syng sin song:
 4. Stil - le, stil - le. Dei gle - da gav.



To - nar mil - de om lo - va skatt. Sus i luf - ta av
 Fred på jor - da en - no ein gong. Him - len ly - ser i
 Son - gen stig o - ver land og hav: Him - mel - so - nen i



ven - ger små. Eng - lar kjem i - frå him - mel blå.
 ves - ter klår. Stjer - na blin - kar på fer - da vår.
 ver - da går. Je - sus Kris - tus er ve - gen vår.



3. Stil - le, stil - le. Det syng eit kor. Ljo - dar vidt o - ver hei - le jord:



Bar - net sveipt i ei krub - be er. Gud er ko - men oss al - le nær.

Takkar av som kyrkjeverje

Olav Nordskog kom inn i kyrkjeleg administrasjonsarbeid i Kviteseid vinteren 2011. Då kunne han sjå tilbake på ein allsidig yrkespraksis gjennom mange år både i Noreg og i utlandet. Med stor interesse gjekk han inn i stillinga som kyrkjeverje etter Jan Einar Eng. Forholda la seg godt til rette. Han har lika seg på kyrkjekontoret og har lagt ned eit solid og viktig arbeid innafor administrasjon og praktiske arbeidsoppgåver. Som pensjonist takkar morgedølen av som kyrkjeverje i Kviteseid i februar 2016. Kyrkjebladet får her gleda av å presentere han nærare.

Olav Nordskog vart fødd i Morgedal (1947) og tok utdanning som elektroingeniør i åra 1965 til 68. Planen var å få jobb innan kraftforsyninga i Vest-Telemark, men det blei berre med eitt år på kraftanlegget Sundsbarm i Seljord. I den tida var han blitt kjend med Gerd Angell Jakobsen frå Notodden. Dei gifta seg vinteren 1970. Då var han også aktiv som skiløypar i Sondre Norheim-filmen som blei laga. Etterpå fekk han arbeid som konstruktør på National Industri i Drammen, og familien flytta dit.

Men morgedølen drog vidare?

Olav fortel: - Tidleg i 70-åra fekk me to gitar, Ivar og Jarle. Seinare kom Jan Olav. I 1981 flytta me til



Foto: Olav Mosdøl

Tanzania. Eg kom med i eit fabrikkprosjekt som ABB (multinasjonalt selskap) og Norad dreiv der med ca. 100 lokale tilsette. Dei produserte transformatorar, brytarutstyr og kokeplatar. Men etter tre år vende me heim att og bygde hus på småbruket Nordskog i Morgedal. På ny fekk eg arbeid i ABB i Drammen og vart vekependlar i mange år. Frå 2005 byrja eg i Tradisjonsbygg, som dreiv med laftehytter i Morgedal, men firmaet måtte slutte under finanskrisa i 2009.

Korleis kom kyrkjekontoret inn i bildet?

- Etter deltidsjobb på institusjonen Lundenjordet i Kviteseid blei eg kontakta av formannen i fellesrådet, Roger Løfgren. Han hadde spørsmål om eg kunne gå inn som vikar på kyrkjekontoret. Det takka eg 'ja' til

og byrja straks. Seinare enda eg opp med fast stilling som kyrkjevevje i Kviteseid.

Kva arbeidsfelt har ei kyrkjevevje?

– Kyrkjevevja har eit breitt og interessant arbeidsfelt. Oppgåvene er mange. For å nemne nokre vil eg peike på: Leing av den praktiske delen i kyrkjas aktivitetar. Arbeidsgevar- og personalansvar for tilsette. Vere sakshandsamar og sekretær for Fellesrådet. Lage budsjett og fylgje økonomien i høve til administrasjon og politisk leing. Ha tilsyn med bygg og kyrkjegardar (6 kyrkjer i Kviteseid).

Har det blitt mange praktiske oppgåver?

– Det mest omfattande og synlege feltet har vore rehabilitering av kyrkjetaket i Kviteseid. All skifersteinen er blitt tatt av, kontrollert, evt. bytta ut og montert tilbake. Ny takpapp av beste kvalitet er brukt og solide lekter og sløyfer lagt på. Det meste av beslaga er nye og av kopar. Det er eit kostbart prosjekt til ca. 1,5 mill., men no kan taket halde i 100 år til.

Elles er det viktig å nemne dei elektriske anlegga i kyrkjene. Dei er blitt forbetra med nødvendige tryggleikstiltak i forhold til tidas krav. Såleis har anlegget i Vrådal kyrkje blitt forsterka, nytt skåp ordna og moderne sikringar installert. Når det gjeld utbetring av kyrkjetaka i Vrådal og Kviteseid gamle kyrkje, er det arbeidd ut rapportar og søkt om midlar.

Du møter mange menneske i ulike situasjonar?

– Ja, kommunikasjon er ein viktig del av arbeidet mitt, seier Olav. – Ein skal stå til teneste for innbyggjarane i praktiske og menneskelege forhold. Det kan gjelde gravferder, uttak av gravstader, krevje inn festeavgifter. Ordne med innkjøp og avtalar. Vidare må ein leggje til rette for gudstenester, vigsler og andre aktivitetar. Ein må sørgje for å ha godt samarbeid med prestane, prosten, diakonen og kyrkjevevjene i prostiet.

Kva med samarbeidet?

– Eg vil understreke at samarbeidet med kyrkjepersonalet i staben, fellesrådet og soknerådet har vore svært bra. Vi har utvikla ein positiv kommunikasjon med kommuneleinga. Her kan eg også nemne den gode prosessen som det har vore med å slå saman dei fire sokna til eitt. Alle ynskjer at det må bli ei tenleg og framtidretta ordning.

Har du ei personleg helsing til slutt?

– Når er ser på 'kyrkja', er eg oppteken at det skal vere ei kyrkje der mange kan føle seg heime og trivast. Då bør kyrkja fylgje med i tida og vere ein imøtekomande medspelar. Det er bra at kyrkja med sitt åndelege verdigrunnlag er oppteken av miljø, utviklingshjelp og flyktningkrise. Når eg ser tilbake på åra som kyrkjevevje i Kviteseid, vil eg takke for all velvilje og omsorg i arbeidet. Eg har lært Kviteseid og kommunen vår å kjenne på ein ny måte. Takk til alle.

Olav Mosdøl



Kom, bli med til søndagsskolen!

Korleis kan vi lære barna våre om Jesus og Gud, om den kristne trua, og om den arven vi gjerne vil sjå prege samfunnet vårt? Det er eit greitt spørsmål for alle dei som er vande med å be til Gud, og som les i Bibelen for borna sine. Men om du ikkje er heilt fortruleg med det, og du likevel ynskjer at ungane dine skal få del i den kristne bodskapen – tak dei med til søndagsskolen! Vi lærer om Jesus frå bibelhistoria, og vi lærer nokre enkle bønner, bibelvers og songar.

Nokre gonger er det slike ting som dukkar opp i tankane når vi trenger å be ei bøn, eller er urolege. Søndagsskolen i kyrkja er for alle.

Det er ofte med ei mor eller ein far eller ven, særleg om ungane er små og ikkje kan lese enno. ”Barnas” er søndagsskulebladet vårt. Det får alle med seg etter at vi er ferdige, så dei kan løyse gåter, sjå i det, teikne litt og minnst den bibelhistoria vi snakka om.

Eg synest det er trivelig å vere med som søndagsskulelærer her i Kviteseid. Eg veit kor godt det har vore i mitt liv å høyre om Jesus og å fylgje han, så eg vil gjerne dele det med andre. Så hjarteleg velkomen til neste søndagsskule!


Anne Margrethe Lund

Nytt båreteppe

I juni fekk Den norske kyrkja i Kviteseid eit gravferdsteppe i gåve frå Gunvor Mandt og Hanne Julie Gåsø Roholdt frå Vrådal. I Vest-Telemark var det skikk å bruke gravferdsteppa fram mot siste halvdel av 1800-talet, og teppa hadde mange namn. Teppet kyrkja har fått er ikkje ein kopi, men er laga etter inspirasjon av dei gamle teppa.

Materialet i teppet er lingarn

i renning og botn-innslag. Til mønster er bruka tynt 2-tråds spælsaugarn frå Norsk Kunstvevegarn. Vevteknikken er skilbragd med smetting. Sjølv om bruken av teppet er ukjent i vår tid, vonar givarane og kyrkja at fleire kan nytte det ved gravferd. Det er kyrkja som eig teppet, men Seljord gravferdsbyrå v/ Sverre Syftestad disponerer det, låner det ut og tek vare på det. Den norske kyrkja i Kviteseid takkar hjartelegast for gåva!





Døypete

Brunkeberg: Heine Råmunddal
Sjerve.

Gravlagde

Vrådal: Margit Hansen
Grønning.

Fjågesund: Arnhild Gravir.

Kviteseid: Eivind Hørthe.

Brunkeberg: Bjørn Kristian
Vesterdal.
Sigurd Lier.

(fort. frå s. 16)

Sun. 14. 1. s. i fastetida Matt 26,36-45
Kviteseid kl.11. Torstein Nordal.

Sun. 21. 2. s. i fastetida Jes 55,1-7
Brunkeberg kl.11. Hallvard Jørgensen.

Sun. 28. 3.s. i fastetida Luk 22,28-34
Kviteseid kl.11. Torstein Nordal

MARS

Sun. 6. 4. s. i fastetida Joh 6,24-36
Vrådal kl.11. Torstein Nordal

Ons 9. Taizégudsteneste
Kviteseid kl. 19.30

Sun. 13. Maria bodskapsdag Luk 1,39-45
Kviteseid kl.11. Avskilsgudsteneste med
Torstein Nordal. Asgeir Sele.
Familiegudstjeneste. Barnegospel.
Nattverd med bønnevandring.

Meir himmel på jorda

Oppslagstavla

Soknepresten flytter

Sokneprest Torstein Eidem Nordal har takka ja til stilling som sokneprest i Bogafjell kyrkjelyd i Sandnes prosti i Stavanger bispedømme med oppstart 1.april. Det vert avskilsgudsteneste i Kviteseid kyrkje 13.mars. Prost Asgeir Sele orienterer om at stilling som ny sokneprest er planlagt utlyst i november med sikte på tilsetning på nyåret.



Frå Kviteseid nye sokneråd møtte denne kvelden Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Reidun Fisketjønn, Marit Gotuholt, Hanne Roholdt og Hans Kristian Aabø.

Soknerådet på kurs

Torsdag 12. november var det skipa til innføringskurs for alle dei nye sokneråda i Øvre Telemark prosti. Kurset vart halde på Granvin i Seljord. Her fortalte tilsette ved bispedømekontoret om ulike oppgåver og moglegheiter som finst for eit sokneråd. Som det vart sagt: Soknerådet skal på mangfaldig vis byggje opp under alle gode krefter i

Jolegåver til flyktningar

Morgedal hotell fungerer for tida som transittmottak for flyktningar. Dei reknar med at det også vil vere rundt rekna 200 flyktningar her i jolehøgtida. I samband med dette har dei spurt hjelpeorganisasjonar og andre om nokon har høve til å gje jolegåver. Det er ikkje tale om store og dyre gåver; ein liten ting kan også gje glede og uttrykke omtanke. På hotellet er det både menn og kvinner, born, unge og eldre. Dersom gåva høver best for ei særskilt gruppe, og den vert pakka inn, kan ein merke kven den høver best for, til døme om det er berekna på gut eller jente. Gåver kan leverast anten til kyrkjekontoret i Kviteseid eller direkte til hotellet i Morgedal.

samfunnet. Og soknerådet skal i det kyrkjelege arbeidet vitne om frelse, fridom og håp i trua på Jesus Kristus. Her skal vere rom for at ein kan bidra med det ein kjenner høver best med eins evner og eins trusstandpunkt, anten med diakoni, ungdomsarbeid, gudstenesteliv, administrasjon, kunst, kultur eller anna.

Returadresse:
Kyrkjekontoret
3850 Kviteseid

Gudstenester

DESEMBER

- Sun. 6. 2. s. i advent Joh 16,21-24**
Kviteseid kl. 11. Sundagsskule. Nattverd.
Ofr. Signo
- Sun. 13. 3. s. i advent Joh 5,31-36**
Kviteseid kl. 11. Kjell Johan Nenseter.
Sundagsskule. Of. Normisjons arbeid
i Nepal ved Liv Wendel. Kyrkjekaffi.
Kviteseid kl. 18. Adventskonsert. Torstein
Nordal. Of. Ma'Ma Children's Center
of Norway (Rachel Trovis arbeid)
- Sun. 20. 4. s. i advent Matt 1,18-25**
Kilen kapell kl. 16. Hallvard Jørgensen og
Asgeir Sele. "Eit annleis jolebord."
Ofr. Kirkens Bymisjon
- Tors. 24. Jolaftan Luk 2, 1-20**
KOS kl. 13.30. Torstein Nordal
Ofr. Kirkens Nødhjelp
Brunkeberg kl. 15. Hallvard Jørgensen.
Ofr. Kirkens Bymisjon
Vrådal kl. 16. Torstein Nordal
Ofr. Kirkens Nødhjelp
Kviteseid kl. 16.15. Hallvard Jørgensen
Ofr. Kirkens Nødhjelp
- Fre. 25. Joledag Joh 1,1-14**
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Nattverd.
Ofr. Det Norske Misjonsselskap.
Vrådal kl. 11. Hallvard Jørgensen. Nattverd.
Ofr. Det Norske Misjonsselskap.
- Laur. 26. 2. joledag Joh 1,1-14**
Brunkeberg kl. 11. Hallvard Jørgensen. Nattverd.
Ofr. Det Norske Misjonsselskap.
Fjågesund kl. 11. Torstein Nordal. Nattverd.
Ofr. Ma'Ma Children's Center of
Norway (Rachel Trovis arbeid)
- Tors. 31. Nyårsaftan Matt 11,25-30**
Kviteseid kl. 23. Torstein Nordal. Nattverd.

JANUAR

- Sun. 3. Kristi openberringsdag 2 Kor 4,1-6**
Kviteseid kl.11. Torstein Nordal.
- Sun. 10. 2. s. i openberringstida Joh 1,29-34**
Brunkeberg kl.11. Torstein Nordal. Kyrkjekoret.
- Sun. 17. 3. s. i openberringstida Joh 1,15-18**
Kviteseid Kl.11. Torstein Nordal. Grøn messe i
samarbeid med Framtida i våre
hender. Familiegudsteneste. Unge
Røyster. Nattverd med bønevandring.
Kyrkjekaffi.
- Sun. 24. Såmannssundagen Matt 13,24-30**
Fjågesund kl.11. Hallvard Jørgensen.
Misjonshuset kl.16. Felles familiemøte. Unge
Røyster og Barnegospel.
- Ons. 27. Kveldsbønn**
Kviteseid Kl. 22. Asgeir Sele. Bispevisitas
- Tors. 28. Konsert**
Vrådal kl.19.30. Hallvard Jørgensen.
Bispevisitas
- Sun. 31. Kristi forklåringsdag Luk 9,28-36**
Kviteseid kl.11. Biskop Stein Reinertsen,
Torstein Nordal og Hallvard
Jørgensen. Kyrkjekoret. Nattverd.
Visitasfest med Kviteseid Soul
Children på Misjonshuset etter
gudstenesta.

FEBRUAR

- Sun. 7. Fastelavnsundag Luk 18,31-34**
Vrådal kl.11. Torstein Nordal.
Familiegudsteneste. Dâp.
Barnegospel. Kyrkjekaffi.
- Ons. 10. Oskeonsdag Mark 2,18-20**
Kviteseid kl.19.30

(fort. på s. 14)